



Surnadal Heimbygdlag

ÅRSMELDING FOR 2015

Styret:

Leiar: Trygve Roaldset Nestleiar: Marit Lesund Skrivar: Sverre Hatle Kasserar: Arild Drøivoldsmo
Styremedlem: Svein Sæter.
Varamedlemmer: Eli Gulla, Astrid Mogstad Høivik

Andre tillitsverv:

Ansvarleg for boksal: Sverre Hatle Revisorar: Kristen Halle, Styrkår Brørs
Valnemnd: Nathan Lediard, Martin Fiske og Møyfrid Torvik Aasen.
Utsendingar til årsmøtet i Nordmøre Mållag i Angvika: Trygve Roaldset, Sverre Hatle

Medlemstal: 54 (47 betalt)

Møte:

Årsmøtet var på Vårsøg Hotell 2. mars. 2015, med 17 frammøtte, vanlege årsmøtesaker. Bordsete. Etter bordseta heldt Svein Sæter eit levande lysbiletkāseri om Olaus Jeldness og tradisjonen etter han i Rossland i Canada. Styret har hatt eitt møte. Møteboka har 6 saksnummer.

ARBEIDET I LAGET:

Skulemål:

Laget avtala og organiserte eit besøk av Synnøve Sætre frå Norsk Målungdom på Surnadal ungdomsskule og Surnadal vg. skole 11.03.2015. Besøket omfatta ein dobbelttime med 2. førsteklassar på vidaregåande allmennfag og 4 økter med ca. 190 elevar på 9. og 10. trinn i ungdomsskulen.

25.01.2016 hadde Surnadal vg. skole besøk av Fredrik Hope frå Målungdommen. I løpet av dagen hadde han tre dobbeltimar på 90 min om språkhistorie, språk i dag, språkkonflikt, språkmakt og språkleg mangfald for tre grupper frå Vg1 ST, Vg 2 ST og Vg3 påbygging. Dette var fjerde året på rad med målferdsbesøk i Surnadal.

Prosjektstøtte:

Laget støtta Laget Vårsøg med 20.000 kr til ei ny utgåve med barnedikt frå skrivekonkurransane i samband med "Kleivakvelden" dei seinare åra.

Måldiplomet:

Diplomet vart i år gjeve til Vårsøghelga og utdelt på Kleivakvelden.

Vaksenopplæringspråket:

Framlegg frå Heimbygdlaget om overgang til nynorsk vann ikkje fram.

Stadnamn: Heimbygdlaget og det store fleirtalet av høringsfråsegner med åtvaring mot å "privatisere" skrivemåten av bruksnamn vart ikkje teken til følge av stortingsfleirtalet i samband med revisjon av stadnamnlova.

Boksal:

Salstal i år:	Salstal 2006 – 2014:
19 stk Ord te gagns.....	731 stk
19 stk Vårsøg + Lauvfall attpå handelen	283 stk
22 stk Ville blomstra.....	1059 stk
4 stk Å vera her.....	198 stk
13 stk Surnabanen	51 stk
3 stk Agent.....	3 stk

Sal av Du mitt Nordmøre 2015:

Det er selt om lag 150 hefte av jubileumsutgåva (50-årsnummeret) i Surnadal. Det er langt under halvparten av salstala frå 2010 – 2012 med over 400 hefte kvart år.

Sverre Hatle